


Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



P Parkering

Utkikkspunkt

Fylkesveg

Turveg

Iglatjørn og Seglet

Iglatjørn og utkikkspunktet Seglet (170 moh) inngår i Jøsentrimmen og er ein av dei mest populære turpostane i Jøsenfjorden.

Utgangspunktet er i Buhagen på Hauge. Kjem du frå fylkesvegen inn langs fjorden, tek du av til Hauge over Hauge bru ved barnehage/ bedehus, og følgjer Haugavegen til du møter skilt med «Buhagen» ved den gamle branngarasjen.

Følg skiltet, og parker ved grinda før bruva over bekken. Husk å lukke grinda!

Her startar stien i form av skogsveg. Følg denne til endes (ca 500 m), og følg sti vidare opp bakken og til høgre. Tydeleg sti fører deg fram til første turpost ved Iglatjørna (ca 15 min frå enden av skogsvegen).


For å nå utkikkspunktet og ny turpost på Seglet, held du fram på sti forbi

turposten langs tjørn, ca 50 m. Då følgjer du stien opp til høgre på berget, før stien svingar til venstre gjennom skogen, ned i eit lite skar og opp på flaten med fantastisk utsikt over fjorden og Hauge (ca 10 min frå Iglatjørn).

Her finn du ny turpost – og har du planlagt litt i forkant, så har du også teke med deg mobil eller fotoapparat!

Retur kan skje same vegen som du kom, eller du kan ta ein snarveg rett nordover frå den siste turposten. Følg stitråkk og noko raudmerking. Kanskje lurt med ein kjentmann første gongen på denne snarvegen, og litt våte parti på stien. Du kjem ned til skogsvegen att like ved bruva der du har parkert.

Total «rundetid» utan særleg pause, er ca 45 min.



Trolsk stemning ved Iglatjørn.
(Foto: Haldis Nilsen)



Flott utsikt frå Seglet.
(Foto: Haldis Nilsen)